



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 19/857	Løpenr: 19/7521
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Naturutvalet	01.10.2019	016/2019

### Faste saker

#### 01.10.2019 Naturutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknad til innkalling og sakliste.

Protokollen frå førre møte vart godkjent.

Det var ikkje merkand til delegerte vedtak/referatsaker.

#### Utvalet sitt kvarter.

#### Sture Tveit (H) stilte følgjande spørsmål:

1) Det er vedteke ein skilt og parkeringsplan. Kva er status for oppsetting av skilta ?

- Ass.rådmann svara at skilta som gjeld adresse til fritidsbustader er sett opp. Det står at å få sett opp skilta som viser underadressering. Desse vil kome på plass i løpet av hausten. Når det gjeld parkeringsskilta må det ei løyving å budsjettet 2020 som finansierer tiltaket.

2) På Lønnebakken står det att ein vegstubb utan veglys (Lønnebakken 83 og 79). Vegen er kommunal og det er ønskje frå dei som bur der om å få veglys.

- Ass.rådmann orienterte om at veglys og utskifting av desse er prioritert i økonomiplanen i 2020. Teknisk drift har ønskje om å få tiltaket vidareført i budsjettet for 2020 , og skal då vurdere behov for veglys langs kommunale vegar.

3) I Totræna vart det for ei tid tilbake gjeve dispensasjon frå reguleringsplankrav i fritidsbustadområde til å byggja ei hytte på ein eksisterande fråskild parsell. Det vart då stilt som vilkår at ein må delta i eit framtidig veglag på Totrævegen. Representanten Tveit stilte spørsmål om kvifor dette vilkåret ikkje var teke med i løyve til å byggja tilbygg på ei anna hytte i det same området.

- Ass.rådmann orienterte om at alle som har eigedom langs Totrævegen vil verte invitert til å vera med i eit veglag. Kommunen, skigruppa og nokon av grunneigarane var positiv til dette. Skigruppa har teke kontakt med kommunen og ønskjer at vi gjer eit nytt forsøk. Det vil då vera naturleg at hytteigarar og vert invitert. Planleggjar Ragnhild Lønningdal orienterte og at det ikkje er høve til å gje slike føringar ved løyve til tiltak som kan byggjast utan dispensasjon, slik som tilbygget i dette tilfellet.

Vidar Tveiterås (Ap) stilte spørsmål om status for vedlikehaldet som er planlagt over Tveitaflatane.

- Ass.rådmann orienterte om at bruva og så langt midlane rekk, vil verte utbetra og reasfaltert i 2019. Resten av strekninga vil verte prioritert i 2020. Teknisk drift omdisponerte til utbetringstiltak på Nyutløtrævegen rundt 1 million frå vedlikehaldspotten dei har fått i 2019. Nyutløtrævegen vart overført tilbake til kommunal drift i kommunestyremøtet i juni i år. Verneombodet har på bakgrunn av manglande HMS-tiltak stoppa brøyting på denne vegen utført av tilsette i eininga. Nødvendige tiltak knytt til HMS vart difor sett i gang snarast mogleg, slik at vegen kunne vera klar til vintersesongen. Tiltaka vil vera utført i løpet av oktober, og verneombodet sluttar seg til desse. I følgje økonomireglementet til kommunen skal omprioritering av midlar til kommunestyrehandsaming før tiltak vert sett i gang. Kommunestyret har møte først no i oktober og administrasjonen beklagar at tiltaka vart sett i verk utan godkjenning for omdisponering av midlar.

Gunn Petersen (Ap) stilte spørsmål om status for gangveg Hagabotnane, og om det er regulert for denne vegen ?

- Planleggar orienterte om at turveg frå Hagabotnane ikkje er lagt inn i KPA (arealplanen). Ass.rådmann orienterte om at det ikkje har lyktes kommunen å få avtale med grunneigar der den kortaste traseen kan gå (langs VA-ledninga). Kommunen har avtale med annan grunneigar om ein lengre og dyrare trase. Denne treng no finansiering før den vert sett i gang, og vert difor lagt inn som tiltak i budsjettet for 2020.

#### **NAT- 016/2019 Vedtak:**

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerete vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

#### **versikt over faste saker:**

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerete vedtak/referatsaker.

Utvælet sitt kvarter.